

Referat FAU-møte 2. juni 2016

Desse møtte:

Monika Næss, leiar FAU

Eirin Misje (FAU), fråfall

Britt Iren L. Myking (FAU), fråfall

Elisabeth Vågenes (FAU), fråfall

Knut Magnus Haugland (FAU)

Janne R. Mellingen (FAU), fråfall

Arne Kjetil Marøy (FAU), fråfall

Hanne-Mari Engen, rektor

Trass stort fråfall i FAU valde ein å avhalda møtet.

Oppsummering av skuleåret

15. april arrangerte Hordabø FAU disko for 1.-4. klassingar på Radøy og

22. april arrangerte Hordabø FAU disko for 5.-7. klassingar på Radøy. Nokre i FAU hadde først supplert utstyr til 2000kr på føresettkjøkkenet . FAU fekk inn om lag 4000kr, så no har FAU 11.057kr på bok. Foreldra ønskjer kjøleskap og ei betre kokeplate på føresettkjøkkenet. Kokeplata verkar ikkje skikkeleg.

Barnevakten haldt foredrag i gymsalen om nettvett og digital barndom. Det var FAU som stod bak dette arrangementet og. Alle føresette til skulebarn i Radøy fekk invitasjon. Om lag 25 føresette frå ulike skular møtte opp, og fleire av dei framførte uttrykte at foredraget var til nytte.

Skriftlege rutinar for FAU

Me vart einige om å leggja inn arrangementfiler på ein minnepinne i ei FAU-perm, slik at nytt FAU kvar haust har eit oversyn og drahjelp til arbeidet sitt gjennom året. Monika Næss skal laga liste over FAU sine oppgåver.

Lokale læreplanar ut på heimesida

No har skulen begynt å leggja ut lokale læreplanar i norsk og matematikk på heimesida. Me har litt tekniske problem, men jobbar med saka. Desse planane vert litt justerte frå år til år. Planen er å leggja ut planane i andre fag etter kvart.

Trådlause mikrofonar

Skulen skal kjøpa inn trådlause mikrofonar, så delar skule og FAU på kostnaden.

Årsvurdering

Denne våren vert den skriftlege årsvurderinga til heimane bytta ut med at foreldra kan logga seg på Visma Flyt og lesa vurdering i orden/åtferd og fag for barnet sitt. Skulen sender ut rettleiing til heimane, og det vert lesetilgang frå 13.06.2016.

Spesialundervisning

Rektor presiserte regelverket rundt spesialundervisning. Til dømes vedtak om 4 timar spesialpedagog tyder ikkje automatisk at det skal vera ein ekstra lærar inne i 4 heile skuletimar, men det tyder at tida skal vera tilrettelagt for barnet. Denne tolkinga er presentert frå Fylkesmannen i Hordaland. Dermed førebur lærar, men det kan vera ein assistent som rettleier eleven i timane. Det positive med dette er at lærartimane vert delt på fleire elevar, noko som kan førebyggja framtidig behov for spesialundervisning.

Kunstgress på fotballbana

Esben Helland held på å undersøkje kostnadar rundt å leggja kunstgress på fotballbana, og det er kan verta tale om å søkja om midlar til dette arbeidet, frå ulike fond.

Referent Hanne-Mari Engen, rektor